

Årsmelding 2006



Bufetat



Innhald

03 Leiar

2

04 Tal og fakta

06 Fagleg utvikling i barnevernet

07 Vald i nære relasjoner

08 Hjelp til eit betre parforhold

09 Samlivskurs

10 Ung.no

11 Foreldrerettleiing

12 Adopsjonsførebuande kurs

13 Arbeid med minoritarar

13 Ung i Europa

14 RÅD

15 Rekruttering og adresser

Årsmelding 2006

Utgjevar: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Mai 2007

Opplag: 5000

Design: Virtual Garden

Trykk: Andvord Grafisk AS

Målform: Nynorsk

Foto: Kai Myhre

Nærare målet om eit meir likeverdig tenestetilbod

I 2006 jobba Bufetat fram verdiane **Respekt, Åpenhet og Deltakelse (RÅD)** som rettesnor for verksemda. Alt arbeid i etaten skal vera farga av desse verdiane slik at både barn, unge og familar, våre samarbeidspartnerar og samfunnet rundt oss vert møtt med respekt, og får erfare openheit og deltaking. Verdiane våre trur vi vil verke positivt inn på arbeidet for å nå måla som Stortinget vedtok då Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) blei oppretta.

Den viktigaste ressursen etaten har for å nå måla sine, er kvar einskild tilsett. Bufetat har utvikla retningslinjer for vidareutdanning av tilsette som sikrar ei god kompetanseutvikling i etaten. Personaladministrasjonen har gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar for å vere betre rusta i krisesituasjonar. Det blei òg vedtatt ein handlingsplan for eit meir profesjonelt helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i alle ledd av verksemda.

Organisasjonsendringar og endringar i måten å arbeide på innan barnevern og familievern verkar inn på arbeidet til mange av våre tilsette. Dette fører til store utfordringar for den einskilde, men samstundes gjev det oss nye mulegehei-ter. Vi er glade for å kunne slå fast at det på alle nivå i etaten er vist eit stort pågangsmot og god vilje til å finne løysingar i året som gjekk.

Fleire barn og unge fekk hjelp frå det statlege barnevernet i 2006. Fleire fekk heimebaserte tiltak eller flytta i fosterheim. Dette er ei god utvikling, i tråd med målsetjingane til Stortinget.

2006 var eit år med mykje utoverretta verksemd i familievernet. Tenesta får stadig nye oppgåver i takt med endringar i samfunnet og for å kunne møte dei nye utfordringane samfunnsendringane gjev. Familievernet er eit lågterskeltbod med engasjerte og dyktige medarbeidarar etaten er stolte over.

For fyrste gong vart det i etaten halde adopsjonsførebuande kurs. Kursa er etterspurde over heile landet, og tilbakemeldingane frå kursdeltakarane er svært gode.

2006 var det siste året for programmet Ung i Europa. Dette programmet er no avløyst av Aktiv ungdom. Gjennom Ung i Europa har ei mengd unge fått ny kunnskap om internasjonal forståing, og lag og organisasjonar har fått stønad til viktige ungdomstiltak.

Etaten har òg ansvar for eit bredt spekter av tilskotsordningar. Dette er gode verkemiddel som stimulerer til engasjement og mangfold innan viktige deler av Regjeringa si politikk retta mot barn og unge, familar og i arbeidet mot vald og overgrep.

Sakshandsamingstida på søknader om rettferdsvederlag gjekk i 2006 ned med fem månader, og 243 saker vart hand-sama i løpet av året.

Bufetat er ein stor organisasjon som kvar dag møter barn, unge og familar i ulike fasar i livet. Oppgåvene er mange og ulike og i denne årsmeldinga er berre eit liten del av arbeidet synt fram.

Det vil alltid vera nokre regionale skilnader i etaten, men målsetjinga om eit meir likeverdig barnvern og eit godt familievern i heile landet har vi kome nærare i løpet av 2006.

Ann-Marit Sæbønes
Direktør i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet



Tal & Fakta

4

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) er eit forvaltningsorgan under Barne- og likestillingsdepartementet og arbeider innanfor områda: Barnevern, familievern, adopsjon, ekteskapssaker, rettferdsvederlag, tilskotsforvalting, ungdomsutveksling og ungdomsinformasjon.

Barne-, ungdoms- og familieliedirektoratet (Bufdir) er det øvste organet i Bufetat. Bufetat er organisert i fem regionar; region nord, midtnoreg, vest, aust og sør. Kontakten med kommunane blir teken vare på gjennom regionane sine 26 fagteam for barnevernet. Fosterheimstenestene, familie- og nærmiljøbaserte barnevernstiltak, statlege barneværnsinstitusjonar og familievernkontora er alle verksemder som inngår i Bufetat.

	2005		2006	
Fosterheim	Pr. 28.02.05		Pr. 28.02.06	
Tal på klargjorte fosterheimer	530		527	
	Pr. 31.01.05		Pr. 31.01.06	
Tal på barn som ventar på plass i fosterheim	89		121	
Statleg finansiert barnevern¹	Tal på barn pr. 31.12.05		Tal på barn pr. 31.12.06	
Heimebaserte	929		1 044	
Fosterheimsbaserte	1 540		1 713	
Institusjonar	1 251		1 216	
Totalt	3 720		3 973	
 Familievern	 Tal på saker		 Tal på saker	
Behandlingssaker	29 195		29 490	
Meklinger	9 134		9 152	
 Adopsjon	 2005	Behandla	 2006	Behandla
Søknader om utanlandsadopsjon	979	923	992	1071
Søknader om stebarsadopsjon	227	138	267	203
Søknad om fosterbarsadopsjon	31	28	30	29
Øvrige innanlandsadopsjonar	5	5	5	14
 Krisesenter	 2005		 2006	
Tal på søknader frå kris- og voldtektsentra	52		52	
Sum midlar til kris- og voldtektsentra	113,8 mill. kroner		119,7 mill. kroner	
Tal på søknader frå incestsentra ²	-		17	
Sum midlar til incestsentra	-		40,3 mill. kroner	
 Rettferdsvederlag³	 2005		 2006	
Tal på krav om rettferdsvederlag	546		709	
Saksbehandlingstid	2 år og 5 mnd.		2 år	
 Brutto driftsutgifter barnevernet	 2005		 2006	
Herav kjøp av private barnevernplassar	3 556 024		3 866 816	
Brutto inntekter barnevernet	1 373 388		1 407 260	
Herav kommunale eigendalar	771 073		850 480	
Brutto utgifter familievernet	604 995		653 273	
Brutto inntekter familievernet	268 255		279 697	
	5 665		6 724	

¹ Dette er talet på barn i barnevernet på eksakt dato 31.12.05 og 31.12.06

² Bufdir hadde ingen søknadar i 2005 frå incestsentra - BLD hadde tilskotsordninga i 2005.

³ Bokmål: Billighetsstatning

Kven gjer kva i barnevernet?

Kommunen si barneverneneste tek imot meldingar om barn som kan ha det vanskeleg. Kommunane har ansvar for å undersøke tilhøva og tilrå tiltak i samsvar med lov om barnevernenester.

Fylkesnemnda for sosiale saker er fagleg frittståande statlege organ (domstolliknande) som mellom anna avgjer saker om omsorgsovertaking og tvangstiltak for barn og unge med åtferdsvanskår.


Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) forvaltar det statlege barnevernet. Etaten sine fagteam for barnevernet er bindeleddet til kommunane. Fagteamma bistår mellom anna kommunane i vanskelege barneværnsaker, finn

lokale løysingar, bistår når barn og ungdom skal plasserast utanfor heimen med meir. Bufetat driv institusjonar, fosterheimstenester, familiebaserte tiltak og kjøper plassar hjå dei private institusjonane.

Barne- og likestillingsdepartementet har eit overordna ansvar for barnevernet.

Fylkesmannen har tilsyn med barnevernet og skal mellom anna sjå etter at pålagde oppgåver etter barnelova blir sett i verk. Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak i kommunen.

Rundt 40 000 barn får kvart år tilbod frå barnevernet. Cirka 85 % av desse barna får hjelp i det kommunale barnevernet.



5



Fagleg utvikling i barnevernet

Forskning og utvikling er eit satsingsområde i Bufetat for å støtte opp om opne og kunnskapsbaserte tenester. For barnevernet har arbeidet med FoU-strategien (forsking og utvikling) i 2006 mellom anna resultert i kompetansestyrking av barnevernet sine fagteam.

Eit likeverdig barnevern

Barnevernet skal bidra til at alle barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barn og unge som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, skal få nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barn har ulike behov og difor treng vi eit mangfold av tiltak for å gi kvart enkelt barn tilpassa hjelp og omsorg. Dette gjeld både familiebaserte tiltak, fosterheim og institusjonar. Ei av målsetjingane for det statlege barnevernet er å gje fleire barn bistand i fosterheim eller i eigen heim i staden for på institusjon. Ved utgangen av 2006 var det 2,8 prosent færre barn i institusjon enn på same tidspunkt i 2005. Dette trass i ein auke i talet på barn totalt under barnevernet si omsorg. Med fleire plasseringar i fosterheim er det behov for fleire fosterforeldre. Det er viktig med eit stort mangfold av fosterforeldre for å finne den rette fosterheimen til det enkelte barn. Har barnevernet fleire familar å velje blant, blir ventetida kortare for barnet.

Kompetansestyrking av fagteam

I 2006 har Bufdir i samarbeid med regionkontora i Bufetat, starta opp eit program for kompetansestyrking av fagteam. Føremålet er å sikre alle fagteam i landet eit felles og oppdatert kunnskaps- og forståingsgrunnlag. Utgangspunktet er sentrale mål i barnevernreforma som til dømes «eit likeverdig barnevern», «eit kunnskaps- og forskningsbasert barnevern» og «fleire barn og unge skal få hjelpe der dei bur». Programmet starta opp med en felles konferanse der hovudfokus var fagteamas sin rolle i barnevernet sitt hjelpeapparat og samspelet mellom stat og kommune. Det vart halde regionsvise kurs kor temaet var «Riktig tiltak til det enkelte barnsped/småbarn».

«Rettighetsforskriften»

I 2005 vart det utarbeidd eit kursopplegg for tilsette i etaten for å sikre fokus på barn og unge sine rettar under opphold i barneverninstitusjon. Kursopplegget blei oppdatert i 2006 og er tilgjengeleg og for tilsette i Oslo og Trondheim si andelinjeteneste og private barneverntiltak. Alle regionane har no retningslinjer for å sikre at nyttilsette og andre tilsette kan vedlikehalde og oppdatere sine kunnskapar om dette regelverket.

«MultifunC»

«MultifunC» betyr multifunksjonell behandling i institusjon og nærmiljø, og byggjer mellom anna på sosialøkologisk systemteori og empirisk forsking om årsaker til åtferdsvanskar. Modellen rettar seg mot forandring av risikofaktorar på alle arenaer. Arbeidet med å etablere MultifunC-institusjonane starta i 2005 og i løpet av 2006 vart dei fem MultifunC-institusjonane Bergen-, Ås-, Stjørdal-, Sandefjord- og Håkøya Ungdomssenter satt i drift. Dette vil gje Bufetat eit betre grunnlag for å hjelpe dei aktuelle ungdommane og auka kunnskap om korleis ein best skal behandle ungdom med alvorlege åtferdsvanskar.

Eit ope barnevern - kommunikasjonsstrategi

Kommunikasjonsstrategien for eit ope barnevern har som mål å synleggjere barnevernet som ein positiv og aktiv ressurs som hjelper barn og unge i vanskelege situasjonar. Barnevernet skal vere ei likeverdig og løysingsorientert teneste med god kvalitet for alle brukarar, og strategien viser verdien av barnevernet sitt arbeid i familien, nettverk og nære relasjonar. Bufetat har i 2006 fullført ei kursrekke i kommunikasjonsstrategi for tilsette i fagteam og kommunale barnevernleiarar for å auke forståinga for barnevernet sitt arbeid i media og i samfunnet elles.

MMI si undersøking frå 2003 og 2006 viser at det har vore ei positiv utvikling i folk sine haldningar til, og inntrykk av, barnevernet. Delen av befolkninga med dårleg inntrykk av barnevernet er redusert frå rundt 44 prosent i 2003 til omlag 30 prosent i 2006. Samtidig har delen som har eit godt inntrykk av barnevernet, auka frå 18 til 23 prosent.

Mi oppleveling frå barnevernet

- Barnevernet fekk orden på livet mitt. Eg fekk bu på ein ungdomsinstitusjon i ei periode i livet mitt då eg hadde det vanskeleg. Eg er glad for at dei tilsette på institusjonen ikkje ga meg opp, men heller fekk meg til å vokse ved å stille krav til meg. Dei gav meg den tryggleiken eg mangla og dei stiller framleis opp viss eg trenger nokon å snakke med.

Linn

- Det var lite hyggelig heime. Dei åra barnevernet tok hånd om meg, ga meg ei ro og ein mulegheit til å bli trygg. Vaksne som er klare og tydelege, utan å verke autoritære. Nokon som trur på deg, trygge rammer og tydelege grenser. Då går det bra, då.

Johan

Kjelde: Landsforeningen for barneværnsbarn

Vald i nære relasjonar

Bufdir har hatt ansvar for å følgje opp fleire tiltak i regjeringa si handlingsplan Vald i nære relasjonar. Bufetat har mellom anna vore involvert i prosjektet «Barn som lever med vald i familien», som Alternativ til vold (ATV) og Senter for krisepsykologi (Skp) stod bak. Fleire familievernkontor har på ulike måtar arbeidd med tema innan dette prosjektet og etaten sine fagteam for barnevernet har fått opplæring om vald i nære relasjonar. Dette har mellom anna resultert i tverrfagleg samarbeid om valdsproblematikk, sinne-meistringsskurs for menn, gruppetilbod for kvinner, samtaleopplegg for par, gruppetilbod for barn med fleire. Bufdir forvaltar òg ein tilskottssordning for førebyggjing av vald.

Familievernkontoret i Sør-Trøndelag

- Barn som vitne til vald

Kirsten Snersrud og Kristin Dahl ved Familievernkontoret i Sør-Trøndelag har hatt ansvar for prosjektet «Barn som vitne til vald» (2002-2006). Dei er no i gong med å skrive ein manual som kan brukast av andre instansar. - Målet med prosjektet er å sette barna som har opplevd eller vore vitne til vald i sentrum, fortel Kirsten Snersrud. Barna får fortalt om og arbeidd med trauma sine gjennom samtalar. Andre søsknen og omsorgspersonar er òg med. - Samtalene har ein parallel effekt, terapeutisk for både omsorgspersonen og barna, seier Kristin Dahl. Samtalane har ført til at det er blitt meir og betre kommunikasjon i familiene. - Barna er meir konsentrerte på skulen, har færre mareritt, færre søvnproblem og det indre stresset minkar hjå barna, seier Snersrud. Samtalane er med på å minske konfliktnivået i familien, og er førebyggjande med tanke på at barna blir mindre aggressive og ikkje brukar vald mot andre barn.

Familievernkontoret i Molde – Ope forum for samarbeid om familievald og foreldrekonflikt

Det blei oppretta ei referansegruppe med representantar frå krisesenter, PPT, barneverntenester, politi, legevakt, helse-søstereneste og barne- og ungdomspsykiatri til prosjekt som «Vitne til vald» og «Privatisert vald i familien». Denne tverrfaglege samansettinga blei vidareført i «Ope forum». Målet var å tilby ein møtearena som samlar tenestene for å utveksle erfaringar, fremme kunnskap og kompetanse i arbeid med familievald, og å etablere samarbeid mellom hjelpeinstansar for å gi utsette familar eit best mogleg samla og koordinert tilbod om hjelpe. - Frå vår ståstad som familievernkontor har vi opplevd det som svært nyttig å bli informert om ulike tenester sine erfaringar med familievald, kva slags problemstillingar dei til dagleg står i, og kva slags lovverk som regulerer deira praksis, seier Rune Weltzien, leiar ved familievernkontoret i Molde.

Kartlegging i barnevernet

Bufetat er i ferd med å kartleggje om barneverninstitusjonar og fosterheimstenester har rutinar for å handtere mistanke om seksuelle overgrep mot barn og unge som bur i barneverninstitusjon eller fosterheim. Kartlegginga skjer i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet og Utlendingsdirektoratet, som jobbar med tilsvarende kartleggingar på institusjonar og mottak for sine ansvarsområde. Kartlegginga blir ferdig ultimo april 2007.

Hjelp til eit betre parforhold

8

Ei av hovudoppgåvene til familievernet er å hjelpe par med samlivsproblem. Som eit ledd i kvalitetsforbetringa av tenestetilbodet til den enkelte brukar, har tenesta gjennom året prøvd ut metodar for å hente inn løpende tilbakemeldingar frå klientar. I samarbeid med Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet, har Bufetat Region sør satt i gong eit forskingsprosjekt ved familievernkontora i Tønsberg og Drammen. Prosjektet skal undersøke verknaden av å bruke klienttilbakemeldingar i parterapi, men vil òg gje kunnskap om korleis det går med par eit halvt år etter avslutta samtalar ved familievernkontora.

Kan problem med kjærleiken løysast på eit offentleg kontor?


Samlivsproblem er ei sekkenemning for mange ulike vanskar, frå utroskap og vald til dårleg kommunikasjon og labert kjærleiksliv. Usemje om det reint praktiske knytt til husarbeid, ansvarsfordeling og økonomi utviklar seg også ofte til samlivsproblem. Fellesnemnaren er at vanskane slit på kjærleiksbanden mellom to partnarar. Psykologiske intervjonar kan førebyggje og vere til hjelp. Gjennom samtalar kan det skapast eit *utgangspunkt* for å endre den daglege kommunikasjonen og åferda. Parterapi legg vekt på at begge deltakarar får uttrykk si eiga forståing av situasjonen og at misforståingar kan ryddast av vegen.

Skal vi unngå kranglane?

Kranglar er vanlege i parforhold, og treng ikkje vere eit problem. Det er ikkje konfliktane som skapar vanskane, men måten ein møter desse på.. Dersom det er mange positive uttrykk for kvart negativt, aukar sjansen for eit godt og varig forhold. Parterapi handlar om å finne løysingar som begge kan slutte seg til og som dei trur kan bidra til betre samliv. Små endringar av kurset kan føre til store endringar i livet.

Kan parterapi hindre samlivsbrot

Ein del av dei som kjem til familievernkontora for hjelp er usikre på om dei har tru på at forholdet kan reddast. Fleire ønskjer hjelp med tanke på samarbeidet vidare som foreldre til barna sine. I slike tilfelle vil parterapi ofte ikkje kunne hindre brot, men kan likevel gjere konsekvensane av brotet mindre for alle involverte. Dersom begge partar ønskjer endring i forholdet, har parterapi vist god effekt for langt dei fleste par. Effekt av terapien kjem ofte raskt, og gjennomsnittleg kjem par til 4-5 samtalar. Det er vanleg at kontakten strekkjer seg over eit halvt år.



Samlivskurs


Kva med oss?

Kva med oss er eit kurstilbod for foreldre med funksjonshemma barn. Seks familievernkontor fungerer som ressurskontor. Arbeidet går ut på å planleggje og legge til rette kursa saman med kursleiarane, rettleie og tilby vidareføring av ulik art og eventuelt halde innlegg på andre kurs. I 2006 vart eit kursopplegg for aleineforeldre til barn med nedsett funksjonsevne ferdigutvikla og utprøvd. Ein pilot og fire kurs vart gjennomført. Interessa for kursa har vore stor og tilbakemeldingane fra deltakarane særskilt gode.

Godt samliv!

Kommunane i landet blei frå hausten 2005 invitert til å arrangere eit gratis kurs for førstegongsforeldre kalla *Godt samliv!* Dei regionale koordinatorane i Bufetat har ansvar for rekruttering av kommunar, tildeling av kursmidlar, kontakt med kommunane om arrangering og ansvar for opplæring og rettleiing av lokale kursleiarar. Den kommunale gjennomføringa har basen sin på helsestasjonane, men mange frå familievernet har òg delteke som kursleiarar. Dette har betra samarbeidet mellom helsestasjonane og familievernet. *Godt samliv!* har hatt sterkt gjennomslagskraft. Over 300 kommunar har meldt si interesse for å delta. Vel 200 kommunar gjennomførde kurs i 2006. Vurderinga frå para som har teke kursa, viser at dei opplever det som nyttig og vil oppmøde andre førstegongsforeldre til å delta.

Andre førebyggjande aktivitetar i familievernet
Familievernkontora driv i tillegg ulike førebyggjande aktivitetar som vanlege samlivskurs, gruppeoppfølging av personar etter samlivsbrot, utstrakt foredragsverksem i lokalsamfunn og samarbeidsprosjekt med barneverntenester, helsestasjonar og skular.



ung.no

10

På ung.no får ungdom svar på det meste dei lurer på: Forelsking, graviditet, utdanningsval, kriminalitet, trening, slanking, mobbing og helse er berre nokon av våre mange emne.

Usemjø heime

Du har kanskje opplevd å krangle med foreldra dine om ting som er viktige for deg? Mange har spørsmål om kva slags rettar ein har medan ein bur heime.

Kan du sove over hjå kjærasten?

Kor lenge kan du vere oppe?

Kan foreldra nekte deg å vere saman med kjærasten?

Vi har samla litt spørsmål og svar om temaet her.

Forvent å bli teken på alvor.

Ungdomstida ER ei brytningsperiode. Du blir eldre, føler at du skal bli respektert på ein anna måte og forventar at du kan vere med på viktige val. Og det er jo berre rett og rimeleg at du er med på avgjersle som gjeld ditt liv.

Å bli teken på alvor forpliktar òg.

For å bli respektert og handsama som ein «snart voksen» person må ein òg vise at ein er det, ved å:

- vere open slik at foreldra forstår dine val
- ta val som er gode for deg sjølv, òg på lang sikt
- vise at du ser konsekvensar av dei vala du tek
- bidra til fellesskapet heime, sosialt og med oppgåver
- respektere dei andre i familien

Les meir på [ung.no/flytte hjemefra](#)

Trenger du hjelp?

På ung.no/hjelpetenester har vi ei oversikt over stader du kan kontakte for å få hjelp [www.ung.no/hjelptjenester](#)

Forelsking

Det hadde vore fint med ei stemme inni hovudet som sa «no kan du ta ho i handa», «no kan du kyssa ho», «det er greitt å stikke inn tunga (men ikkje så langt!)», «no kan du røre brystet hennar (men ikkje så hardt!)».

Dette er viktige ting. Gjer du ein feil med ei jente, ringjer ho rundt til alle dei andre jentene og fortel kor håplaus du er, seier Mia Børjesson, utdanna sosionom og sexolog. Mia har arbeidd med unge jenter og gutter i Sverige sidan byrjinga av 1980-talet.

Ho er på Gand Videregående skole i Sandnes. Eit femtitals gutter har funnet vegen til den gamle gymsalen – til ein time berre for dei. Jentene har vore inne timen før. Dei skal få høre om STEP, og få vite litt om kvifor Tarzan ikkje snakkar med Fantomet. - Du veit, det er utroleg dumt av dei. Tenk kor mykje nytte Tarzan og Fantomet kunne hatt av erfaringane til kvarandre. I staden er dei i kvar sin jungel, så å seie, og ensar ikkje kvarandre, seier Mia. *Les meir på [ung.no/forelskelse](#)*

Fakta om ung.no:

- Offentlege kjelder, kvalitetssikra informasjon
- Mykje aktivitet
- Brukarane kan kommentere artiklar, diskutere tema, teste seg sjølv med nokon av våre mange quiz, delta på avstemmingar og sende inn eller lese andre sine spørsmål og svar.
- Unike brukarar/mnd: ca 125.000



Foreldrerettleiing

Program for foreldrerettleiing har som mål å førebyggje psykososiale vanskar hjå barn og unge, gjennom foreldregrupper i regi av ulike kommunale tenester. For å nå dette målet byggjer direktoratet opp eit godt trenarkorps som kan ta vare på opplæring av tilsette i kommunane. Opplæring av tilsette i Bufetat blei starta i alle regionane i 2006, og opplæringa til første nivået (rettleiaraktivitet) blei avslutta dette året. Første fasen av opplæringa av Bufetat sine tilsette blei gjennomført saman med representantar frå kommunane. Dette ser ein på som særst uttak, då det allereie no er etablert kontakt og eit nettverk mellom det statlege og det kommunale nivået.

Foreldrerettleiing for familiar med minoritetsbakgrunn er utvida gjennom opplæring av rettleiarar i fire nye kommunar og gjennom trenaropplæring og nettverksmøte for dei kommunane som til no har fått opplæring. Foreldra er mellom anna rekruttert frå «Introduksjonsprogrammet for nykomne flyktninger». Rettleiarane meiner at kursa har ein integrerande effekt. Foreldre blir meir medvitne om verdien av deira støtte og interesse for barna sin kvar dag utanfor heimen. Dette vil føre til at dei sjølv i større grad må delta på ulike arenaer.

Trine Eikrem frå Aker familievernkontor i Oslo har vore rettleiar for fleire foreldregrupper.

Familievernkontoret kursar ulike typar foreldregrupper. - Ei einsarta målgruppe aukar sjansen for at deltakarane deler sine erfaringar og sit att med ny lærdom og utviklar seg som foreldre, seier Trine Eikrem.

Foreldrerettleiingskurset har ulike tema kvar kurskveld, og deltakarane får ei oppgåve dei må løye til neste kurskveld.

- Det er ikkje nok å berre høre om korleis ulike utfordringar kan løysast, foreldra må òg prøve det ut heime og dele erfaringane med dei andre etterpå, seier Eikrem. Kurset går 6 gonger á 2 timer og det er to kursleiarar med ulike kompetanse som leiar kursa. - Då vi hadde kurs for etiopiske foreldre, så halde eg kurset saman med ein kursleiar frå Etiopia, Atnaf Berhanu Kebreab. Det er ein fordel å ha med nokon som forstår foreldregruppa som deltek. Men det er først og fremst erfaring og råd frå deltakarane sjølv dei lærer av, seier Trine Eikrem.

Mange meiner at det å vere foreldre er ganske sjølvsagt og at slike kurs ikkje har noko føre seg. Men deltakarane er kjempenøgde. - Det er eit haldnings- og kjenslebasert kurs utan fasit. Deltakarane blir medvitne om at det å oppdra barn ér utfordrande, fortel Trine Eikrem. Kursa syner fram ulike problemstillingar rundt forelderrolla, får deltakarane til å tenke annleis og dele gode tips med kvarandre. Mange seier det er meir morosamt å vere foreldre etter kurset. Foreldra kjenner meistring når dei ser at det dei har lært faktisk fungerer, sluttar Eikrem.



11

Adopsjonsførebuande kurs

12

Adopsjonsførebuande kurs er eit frivillig og gratis tilbod til førstegongsadoptivsøkjarar. Deter etablerteikursleiargruppe på 20 personar og i 2006 fekk 232 personar tilbod og 10 kurs vart gjennomført.

Hilde Eikås har halde adopsjonsførebuande kurs i fleire år for adopsjonsforeiningane og er sjølv adoptivmor. Ho meiner det er fleire fordeler ved å gå på kurs for dei blivande adopsjonsforeldra. Dei blir bevisstgjort på barnet som kjem, på deira rolle som foreldre og på samspelet dei i mellom.

Kurset er med på å gje kommande adopsjonsforeldre innsikt i det særeigne ved å vere adoptivforeldre og generelt auke foreldrekompetansen deira. - Vi ønskjer at dei skal få økt forståing om seg sjølv som foreldre, at dei skal sjå på kva dei som enkeltindivid har med seg inn i dette, kva er mi historie?, seier Hilde Eikås. Barnet som kjem har med si eiga unike historie. Det er av stor verdi for barnet at adoptivforeldra forstår denne historia. Barnet vil med tida sjølv høre om kor dei kjem frå og kvifor dei har kome hit.



Kurset tek òg opp korleis samfunnet ser på adoptivbarn. Adoptivbarnet må leve med å merke seg ut i samfunnet. - Adoptivforeldre må bli klare over sine haldningar overfor menneske med ei anna hudfarge, som er frå ein annan kultur og vere klar over korleis samfunnet elles kan kome til å møte desse barna. Dei kan til dømes oppleve diskriminering, seier Eikås.

Kursa er berre obligatoriske når landet ein skal adoptere frå krev det, elles er det frivillig. Dei fleste deltakarane meiner kursa skulle vore obligatorisk for alle blivande adoptivforeldre.

- Auka kunnskap om deira nye rolle som adoptivforeldre, økt forståing for barnet si historie og samfunnet vi lever i, er viktig ballast å ha med seg når barnet kjem, seier kursleiar Hilde Eikås

Arbeid med minoritetar

13

Bufetat har i 2006 hatt sterkt fokus på arbeidet med ungdom med innvandrarbakgrunn og deira familiar. Dette arbeidet blir vidareutvikla i 2007.

Bufetat har finansiert kompetansehevingsprogrammet «Arbeid med kvinner med minoritetsbakgrunn» i regi av NKVTS (Nasjonalt kunnskapsenter om vold og traumatisk stress) for krisesentra og samarbeidspartnerar. Målet er å auke kompetansen og kunnskapen om valdsutsatte innvandrarkvinner sine behov hjå krisesentra og i det lokale hjelpeapparatet. Det er arrangert til saman 10 kurs i alle delar av landet.

Regionane har òg hatt fokus på at familiar med fleirkulturell bakgrunn i større grad skal nytte familievernet sine tenester.

Det er jobba mykje med bevisstgjering i forhold til skilnader i behov mellom ulike minoritetsetniske grupper. I alle regionane er det stort fokus på korleis samlivskurs og gratiskurs for førstegongsforeldre når ut til familiar med minoritetsbakgrunn.

I Region aust blei det gjennomført ei spørjeundersøking om kompetansebehov i det fleirkulturelle arbeidet i regionen, med hovudvekt på institusjonar, familievernkontor og kommunale barneverntjenester. På grunnlag av dette er det laga ein handlingsplan for auka fleirkulturell kompetanse. Forslag til tiltak er mellom anna nettverkssamlingar, basiskurs til alle institusjonstilsette, rettleiing, hospitering, bruk av tolk, ressursgrupper, informasjonsarbeid og rekrutteringsstrategi.



Programmet UNG i Europa løyde 18 millionar kroner til ulike prosjekt i 2006. Prosjekta fremma ei breiare forståing om europeisk medborgarskap, demokrati, felles verdiar og kultурelt mangfold blant unge gjennom gruppeutvekslinger, frivillig arbeid i utlandet og andre former for internasjonalt samarbeid. Målgruppa for programmet har vore ungdom i alderen 15-25 år og ungdomsarbeidarar særleg innanfor frivillige organisasjonar og kommunale ungdomstiltak.

2006 er siste året med programmet UNG i Europa. Programmet blir avløyst av eit nytt program som har fått namnet Aktiv Ungdom. I sjuårsperioden har Noreg disponert programmidlar for i overkant av 90 mill. kroner. Ca. 95 prosent av midlane har blitt fordelt. I gjennomsnitt har Bufetat fått 270 søknader pr. år, og ca. 70 prosent av desse er blitt godkjent. Gjennom programperioden har om lag 10 000 ungdommar og ungdomsarbeidarar i Noreg teke del i UNG i Europa-prosjekt. Tilbakemeldingane frå ungdom sjølv og ungdomsarbeidarar/-leiarar som har gjennomført prosjekt, er i hovudsak positive.

**R
RESPEKT
ÅPENHET
DELTAKELSE
BV!**



Karriere i Bufetat?

Bufetat har om lag 5000 tilsette på arbeidsplassar over heile landet. Yrkeskategoriane i Bufetat dekker mange fagområde, her finst mellom anna barnevernpedagogar, sosionomar, miljøterapeutar, familieterapeutar, psykologar, juristar og administrativ personell innan økonomi, personal, IKT, arkiv, informasjon og leiing. Ledige stillingar vert utlyst på www.bufetat.no/ledigestillinger. Søknadar kan sendast på etaten sitt elektroniske søknadsskjema.

Bufetat er ein inkluderande arbeidslivsbedrift. Det er eit mål at den statlege arbeidsstyrken i størst mulig grad skal spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å nå ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med fleirkulturell bakgrunn. Etaten har ein handlingsplan for helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (HMS) og det finst kriseplanar og kompetanseplanar.

Nyttige nettadresser:

www.bufetat.no
www.fosterhjem.no
www.aktivungdom.eu
www.eurodesk.no

Vil du vite meir? Få nyheter frå barnevernet, les om familie, samliv, adopsjon og ungdom. Abonner på nyhetsbrevet frå Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet.
Meld deg på www.bufetat.no

Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet
Universitetsgata 7
Postboks 8113 Dep.
0032 Oslo
Telefon: 24 04 40 00
Faks: 24 04 40 01
E-post: postmottak@bufdir.no

Bufetat region sør
Olav Tryggvasons gate 4
Postboks 2403
3104 Tønsberg
Telefon: 33 72 90 00
Faks: 33 72 90 01
E-post: region.sor@bufetat.no

Bufetat region Midt-Noreg
Nordre gate 12
7495 Trondheim
Telefon: 73 56 30 00
Faks: 73 56 30 01
E-post: region.midt@bufetat.no

Bufetat region nord
Betongveien 2
9509 Alta
Telefon: 78 48 10 00
Faks: 78 48 10 01
E-post: region.nord@bufetat.no

Bufetat region vest
Strandgaten 59
Postboks 6200
5893 Bergen
Telefon: 55 37 70 00
Faks: 55 37 70 01
E-post: region.vest@bufetat.no

Bufetat region aust
Pilestredet 27
Postboks 7024 St. Olavs plass
0130 Oslo
Telefon: 24 04 30 00
Faks: 24 04 30 01
E-post: region.ost@bufetat.no

**Barne-, ungdoms- og
familiedirektoratet**
Universitetsgata 7
Postboks 8113 Dep.
0032 Oslo
Telefon: 24 04 40 00
Faks: 24 04 40 01
E-post: postmottak@bufdir.no

